

Å miste mamma i mengda

Martine og mamma har reist til Paris med fly.
No skal dei hente bagasjen.
Martine har gledd seg veldig. Ho sprett av garde.
Ho gler seg til å sjå Eiffeltårnet.
Flyplassen er ein av dei største i verda.
Det er millionar av menneske her.
Det er bra at mamma er med!
Martine ser etter mamma. Kvar er ho?
Mamma har ei stor raud veske.
Martine kan ikkje sjå mamma med den raude veska.
«Mamma!» roper Martine.
Ho spring eit lite stykke.
Ho finn ein benk ho kan stå på.
Ho ser ikkje mamma.
Martine blir veldig redd. Ho begynner å gråte.
Kvar er mamma?



Oppgåver:

Sjå Arbeidsboka side 10.
Gjer oppgåvene 3 og 4.